

	Søknadsstad (stempelet til politidistriktet eller utanriksstasjonen)	<b>Bilete</b>
	Dato	
	DUF-nr	
	Saksnr	

## Melding om norsk statsborgarskap for nordiske borgarar

Etter statsborgarlova §§ 20 og 21, jf. § 22 (lovteksten er attgjeven på side 4)

**Meldinga skal leverast til politiet.**

**Skjemaet skal fyllast fullstendig ut og vere oversiktleg og lett leseleg. Bruk blokkbokstavar.**

### 1. Personopplysningar (Personnamn skal skrivast som i reisedokumentet ditt)

**Gjeld den som melder seg norsk i samsvar til statsborgarlova § 20 eller § 21 eller som blir meldt norsk i samsvar med § 21. Pkt. 2 skal i tillegg fyllast ut viss meldinga gjeld § 21, og meldaren er under 18 år. Om born sitt automatiske erverv av statsborgarskap, sjå under pkt. 4.**

Familiename		Fødselsdato (dag, månad, år)	Norsk personnummer
Fornamn		Statsborgarskap (alle statsborgarskapar skal oppgjevast)	
Mellomnamn		Kjønn <input type="checkbox"/> Mann <input type="checkbox"/> Kvinne	Dato då du kom til Noreg (dag, månad, år)
Eventuelt tidlegare familiename		Fødestad/-by	Fødeland
Adresse (gate/veg, nummer)		Postnummer	Poststad og land
Telefon	Mobil	E-post	Faks
Arbeidsgjevar		Arbeidsgjevaren si adresse	
Telefon	Mobil	E-post	Faks

### 2. Personopplysningar for meldaren sine foreldre (skal fyllast ut dersom born vert melde norske i samsvar med statsborgarlova § 21. sjå elles under pkt. 3)

#### Mor

Familiename		Fødselsdato (dag, månad, år)	Norsk personnummer
Fornamn		Statsborgarskap	
Mellomnamn		Adresse (gate/veg, nummer)	
E-post		Postnummer	Poststad og land
Telefon	Mobil	Faks	
Arbeidsgjevar		Arbeidsgjevaren si adresse	
Telefon	Mobil	E-post	Faks

#### Far (held fram side 2)

Familiename		Fødselsdato (dag, månad, år)	Norsk personnummer
Fornamn		Statsborgarskap	
Mellomnamn		Adresse (gate/veg, nummer)	
E-post		Postnummer	Poststad og land

Telefon	Mobil	Faks	
Arbeidsgjevar		Arbeidsgjevaren si adresse	
Telefon	Mobil	E-post	Faks

### 3. Barnet si meining (Born under 12 år skal få høve til å uttrykkje meininga si)

Skal fyllast ut dersom born under 12 år vert melde norske i samsvar med statsborgarlova § 21. Sjå elles pkt. 6 og 12.

Har barnet fått høve til å uttrykkje meininga si?	Viss ja, aksepterer barnet å bli norsk statsborgar?
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Viss nei, oppgi grunn:	

### 4. Automatisk erverv av statsborgarskap for born under 18 år busett i Noreg

Har du born under 18 år som bor i Noreg og er ugift/e, får barnet automatisk norsk statsborgarskap dersom

- 1) barnet sin tidlegare statsborgarskap fell automatisk bort ved erverv av norsk statsborgarskap, eller
- 2) barnet er løyst.

Sjå statsborgarlova § 22 (lovteksten er attgjeven på side 4).

Born med dansk statsborgarskap får automatisk norsk statsborgarskap samstundes med deg.

Born med statsborgarskap i eit anna land der lovgivinga fastset at statsborgarskapen opphøyrer automatisk når ein borgar av landet får framand statsborgarskap, får automatisk norsk statsborgarskap samstundes med deg.

Har du born med statsborgarskap frå land der lovgivinga krev at ein borgar av landet blir løyst for at statsborgarskapen skal opphøyre, må du leggje merke til følgjande:

Du må sørge for at barnet er løyst før du leverer inn melding dersom du ønskjer at det skal få norsk statsborgarskap samstundes med deg.

#### Spørsmål om opphøyr av statsborgarskap

Det er lovgivinga i det einskilde landet som bestemmer når statsborgarskapen i landet opphøyrer.

Du kan undersøkje med styremaktene i barnet sitt opphavlege heimland eller hos landet sin representasjon (ambassade, generalkonsulat) i Noreg eller utlandet kva reglar som etter landet si lovgiving gjeld for opphøyr av statsborgarskap.

### 5. Løysing frå statsborgarskap

#### Dobbelt statsborgarskap

Norsk lov godtek ikkje at den som melder seg norsk etter statsborgarlova §§ 20 og 21, også har statsborgarskap i eit anna nordisk land.

Er du finsk eller svensk statsborgar, må du søkje om å bli løyst frå din statsborgarskap før du leverer inn melding, og sende løysingserklæring saman med meldinga. Er du islandsk borgar, vil Utlendingsdirektoratet seie ifrå om at du må løyse deg dersom du fyller dei andre vilkåra for å få statsborgarskap. Etter dansk lovgiving opphøyrer dansk statsborgarskap automatisk ved erverv av framand statsborgarskap. Er du dansk statsborgar, er det derfor ikkje nødvendig at du løyser deg frå din danske statsborgarskap.

Om born sjå pkt. 4.

### 6. Annan nordisk statsborgarskap

Gjeld den som har hatt norsk statsborgarskap og melder seg norsk etter § 21. Om dokumentasjon, sjå under pkt. 9.

Har meldaren etter tapet av norsk statsborgarskap hatt statsborgarskap i anna land enn Danmark, Finland, Island eller Sverige?
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Viss ja, oppgi kva for eit land:

### 7. Straffbare forhold (Bruk eige ark dersom du har behov for meir plass)

Skal fyllast ut av den som melder seg norsk etter statsborgarlova § 20. Ver merksam på at det vil bli innhenta politiattest.

Er du i løpet av dei siste sju åra i Noreg eller utlandet dømt til fridomsstraff eller særreaksjon for eit straffbart forhold?
<input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Viss ja, i kva politidistrikt/land?
Viss ja, når og kvar vart du dømd?

### 8. Generelt om navn

I statsborgarbrevet blir namnet ditt skrive slik det er registrert i folkeregisteret.

Ønskjer du at eitt eller fleire namn skal skrivast på ein annan måte i statsborgarbrevet enn det som er registrert, eller å endre namn eller rekkjefølgja på namna, må du kontakte folkeregisteret og levere dokumentasjon på eventuell namneendring saman med søknaden.

## 9. Dokument som skal leggast ved meldinga

- Fødselsattest (gjeld berre den som er fødd i utlandet)
- Dokumentasjon frå offentleg styremakt for foreldreansvar (gjeld dersom ein av foreldra ikkje har del i foreldreansvaret, eller andre enn foreldra har del i foreldreansvaret)
- Vigselsattest (gjeld viss meldaren er eller har vore gift)
- Politiattest (vert vedlagd av politiet)
- Dokumentasjon for tidlegare norsk statsborgarskap (gjeld den som melder seg norsk etter § 21)
- Løysingserklæring for meldaren, jf. pkt. 5, og eventuelle barn, jf. pkt. 4 (gjeld ikkje personar med islandsk eller dansk statsborgarskap, eller personar med eit statsborgarskap som opphøyrer automatisk ved erverv av norsk statsborgarskap)
- Kopi av pass
- Kopi av foreldra sine pass

## 10. Generelt om vedlegg

Dersom meldinga manglar dokument som skal vedleggast, må du skriftleg gjere greie for årsaka til dette. Dokument som ikkje er utferda av norsk styremakt, skal visast for politiet i original. Politiet skal ta kopi. Alle kopiar skal vere attesterte som rett kopi av offentleg styremakt. Attesten skal vere underskriven, stempla og datert.

Dokument som ikkje er utferda på engelsk eller norsk, skal omsettast til engelsk eller norsk, og omsetjinga skal følgje meldinga saman med attestert kopi av originaldokumenta.

Er dokumentet omsett, skal rett omsetjing vere stadfesta av autorisert translatør eller offentleg tolketeneste.

Stadfestinga skal vere datert og skal følgje meldinga.

Du må sjølv sørge for omsetjing og stadfesting og betale for dette.

## 11. Bruk av opplysningane i skjemaet

Utlendingsstyremaktene vil nytte opplysningane i meldingsskjemaet i samband med handsaming av meldinga. Opplysningane vil bli registrerte i Datasystemet for utlendings- og flyktningsaker (DUF).

Opplysningane dine kan bli utleverte til andre relevante styremakter for å kontrollere og utfylle dei opplysningane du har gitt. Ved behov vil det også bli innhenta opplysningar om deg frå andre norske og utenlandske styremakter, også frå politimynde.

Viss du får tildelt statsborgarskap, vil denne opplysninga bli overført til folkeregisteret og fylkesmannen.

Du kan kontakte UDI for å få nærare informasjon om vår bruk av opplysningane dine, din rett til innsyn i saka og framgangsmåte viss du vil be om at opplysningane vert endra. Du finn meir informasjon om handsaminga av personopplysningane dine på [www.udi.no](http://www.udi.no)

Eg er innforstått med at UDI vil varsle styremaktene i heimlandet mitt dersom eg får norsk statsborgarskap.

Eg stadfestar at opplysningane som er gitt i denne meldinga er korrekte og fullstendige.

Eg er kjend med at det er straffbart i samsvar med statsborgarlova av 10. juni 2005 nr. 51 § 33 å gi vesentleg urette eller openbart villeiande opplysningar, som å teie opplysningar av vesentleg tyding.

Vedtak om statsborgarskap kan kallast tilbake viss meldaren mot betre vitande har gitt urette opplysningar eller tagd om forhold av vesentleg tyding for vedtaket, jf statsborgarlova § 26 andre leddet.

**12. Underskrift** (Gjeld meldinga erverv på nytt av norsk statsborgarskap etter § 21, og er meldaren under 18 år, må meldinga underteiknast av begge foreldra eller av den som har foreldreansvar åleine. Born over 12 år må signere i tillegg til foreldra, sjå under pkt. 13.)

Stad og dato	Meldaren si underskrift
Stad og dato	Underskrift til forelder/verje
Stad og dato	Underskrift til forelder/verje

**13. Barns samtykke** (gjeld born over 12 år som blir meld norsk etter § 21)

Eg samtykkjer i at eg blir norsk.	
Stad og dato	Underskrift

## **Lov om norsk statsborgerskap av 10. juni 2005**

### **§ 20. Erverv ved melding**

Danske, finske, inlandske og svenske statsborgere har ved melding rett til å bli norsk statsborger såfremt vedkommende har fylt 18 år, har vært bosatt i riket de siste syv år og i denne tiden ikke er dømt til frihetsstraff eller særreaksjon som følge av straffbart forhold. Melderer må godtgjøre at vedkommende senest ved ervervet er løst fra annet statsborgerskap.

### **§ 21. Gjenerverv ved melding**

Den som har tapt det norske statsborgerskapet og deretter bare har vært statsborger av annet nordisk land, har ved melding rett til å få det norske statsborgerskapet tilbake såfremt melderer har bosatt seg i riket og godtgjør at vedkommende senest ved ervervet er løst fra annet statsborgerskap.

### **§ 22. Erverv for barn**

Barn under 18 år av den som erverver statsborgerskap etter bestemmelsene i §§ 20 eller 21 får automatisk norsk statsborgerskap ved foreldrenes erverv, såfremt barnet er bosatt i Norge og senest ved ervervet er løst fra annet statsborgerskap.

Barn som er gift eller registrert partner omfattes ikke av første ledd.

§ 6 gjelder tilsvarende.